



Museum Vest  
Sandviksboder 20  
5035 BERGEN

Dato: 09.02.2015  
Vår ref.: 2014/13090-338  
Saksbehandlar: irekron  
Dykkar ref.:

## Fylkesløyving 2015

Fylkestinget godkjende årsbudsjettet for 2015 i møte 9. desember 2014, sak 75.

Hordaland fylkeskommune har tildelt Museum Vest eit fylkestilskot for 2015 på

**kr 4.769.000,-**

Fylkestilskotet vil bli utbetalt kvartalsvis til Dykkar konto nr. 3624.67.33877.

### FØRESETNADER FOR TILSKOTET:

- Det er ein føresetnad for tildelinga at krav til god økonomiforvaltning, kontroll og rapportering vert oppfylde.
- Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha høve til å setja i verk kontroll med at midlane vert forvalta som føresett. Fylkeskommunen og fylket sin revisor skal ha rett til dei dokument og opplysningar ein finn påkrevd for sin kontroll.
- Gjennom aktivitetar, informasjonsmateriale m.m skal det synleggjerast at Hordaland fylkeskommune er tilskottgjevar. For bruk av fylkesvåpenet gå inn på nettsida <http://www.hordaland.no/logo>
- Det er ein føresetnad at tilskottsmottakar aksepterar og nyttar ordninga med følgjekort for funksjonshemma. Funksjonshemma som kjøper billett skal ha rett til gratis billett til sitt følge.
- Vi gjer merksam på at dersom verksemda mottek meir enn 50 % av inntektene frå det offentlege, vert verksemda omfatta av "lov om offentlige anskaffelser".

### BUDSJETTSØKNAD FOR 2016

Fylkestinget vedtok i møte 10.12.2014 sak 84/2014 ny regional kulturplan for Hordaland 2015 – 2025.

I vedtaket heiter det m.a.:

4. *Fylkestinget innfører ordning med 3-årig fylkeskommunal driftstøtte, med oppstart frå og med 2016. Ordninga er ei prøveordning som skal evaluerast i 2018.*

Kultur- og idrettsavdelinga arbeider no med revisjon av søknadsskjema, søkerprosess m.v.

Informasjon om dette vert sendt i eige skriv til dei som har fått melding om budsjettvedtak for 2015 og også offentleggjort på våre nettsider seinast 1. mars.

Søknad om fylkestilskot for år 2016 skal sendast Kultur- og idrettsavdelinga innan **1. april 2015**.  
Søknadsskjema vert lagt ut på våre nettsider seinast 1. mars.

#### **RAPPORTERING/REKNESKAP:**

Årsmelding og rekneskap vert å senda Kultur- og idrettsavdelinga så snart dette ligg føre og **seinast innan 1. mai året etter at fylkestilskotet er motteke**.

Hordaland fylkeskommune ber om at det i årsmeldinga vert gjort greie for korleis museet har arbeidd i høve til Hordaland fylkeskommune sin museumspolitikk med vekt på hovudmål, aktuelle delmål og tiltak, slik desse kjem fram av Regional plan for kultur (2015-2025) som erstattar Regional plan for museum (2011-2015). Fylkeskommunen sin museumspolitikk er utforma i samsvar med nasjonale føringar, og det vert føresett at rapporteringa vil vera i samsvar med nasjonale mål, slik det kjem fram av overføringsbrevet frå Kulturdepartementet. Det er elles eit mål for fylkeskommunen å arbeida for at krava frå dei ulike forvaltningsnivåa skal vera mest mogleg samkøyrd.

For at Hordaland fylkeskommune skal kunna vera ein aktiv medspelar i museumspolitikken og å yta best mogleg service til musea, er Kultur- og idrettsavdelinga avhengig av å få informasjon om verksemda til musea.

Hordaland fylkeskommune vil i 2015 gjea særleg merksam på følgjande tiltak:

#### **Kulterkort for ungdom**

Hordaland fylkeskommune si ordning om kulterkort vert vidareført for ungdom mellom 16 og 20 år i Hordaland. Kulterkortet skal vera ein inngangsport til eit breiare kulturliv. Målet er å gjera visuell kunst, museum, teater, dans, film og konserter meir attraktivt for målgruppa - å senka terskelen for å oppsøkja større delar av kulturen. Kortet gjev rabattert/gratis tilgjenge på institusjonar og arrangement som gjennom avtale med Hordaland Fylkeskommune er med i ordninga.

Hordaland fylkeskommune legg til grunn at dei som får driftstilskot sluttar opp om ordninga og gjev tilbod om rabatter eller gratis tilgjenge for ungdom med kulterkort. Tilskotsmottakarar som enno ikkje har avtale med Hordaland fylkeskommune om dette, må ta kontakt med Kultur- og idrettsavdelinga.

#### **Den kulturelle skulesekken - Hordaland**

Hordaland fylkeskommune samordnar arbeidet med dette tiltaket i fylket. Vi oppmodar institusjonar som mottek fylkeskommunal stønad om å utvikla regionale formidlingstiltak retta mot born og unge i samsvar med føresetnadene i tiltaket, og til å vera ein del av nettverket i Den kulturelle skulesekken i Hordaland.

Anna Elisa Tryti  
fylkessjef kultur og idrett

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ingen underskrift.*